

Representant Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (SP) har stilt slikt spørsmål:  
**Er det nokre planar for utviding av flaskehalsar på fv. 1014? I tilfelle kva tid?**

Fv 5014 Skånevik - Etne, Strondavegen, er ein del av det lågtrafikkerte fylkesvegnettet. Vegen har i dag ein ÅDT på 500 med unnatak i tettstadane Skånevik og Etne.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg er gjort kjent med at det på delar av fylkesveg 5014 i 2019 vart gjort eit betydeleg vedlikehaldsarbeid med kantforsterking, drenering og ca 5 km med nytt asfaltdekke.

Utanom ordinært kritisk forfall / vedlikehald er der ikkje framtidige planar eller avsett midlar for utviding eller betra framkome for større køyretøy på fv. 5014. Fylkesdirektøren har i samband med å svare ut dette spørsmålet vore i kontakt med prosjektleiar i Statens vegvesen som følgjer opp driftskontrakten på fylkesvegane i Etne.